FOLK ORG Organisasjon for folkemusikk og folkedans

# PROTOKOLL FOR LANDSMØTET 2023

**TID:** Laurdag 22.april – sundag 23.april

**STAD:** Gamle Logen, Oslo

## Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

*Vedtak: Innkalling og saksliste vart godkjent*

## Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter

*Oppropet dag 1 viste 86 representantar med røysterett*

- *78 representantar frå medlemslaga*
- *1 utøvarrepresentant*
- *7 representantar frå styret*

*Oppropet dag 2 viste 78 representantar med røysterett*

- *70 representantar frå medlemslaga*
- *1 utøvarrepresentant*
- *7 representantar frå styret*

Det var ingen merknad til fullmaktene.

Delegatar med røysterett:

**Lag som ikkje er tilslutta eit områdelag**

| | |
|---|---|
| Gjøvik Spelmannslag | 1. Synøve Nordal Nettum |
| Målselv spelmannslag | 2. Terje Foshaug |
| Setesdal Spelemannslag | 3. Elisabeth Christiansen |
| | 4. Gunnar D. Ose |
| **Buskerud Folkemusikklag** | 5. Veslemøy Fjerdingstad |
| Eiker Spellemannslag | 6. Bente Storbakken |
| Geilo Spelemannslag | 7. Grethe Nestegard |
| Gol spel- og dansarlag | 8. Åsmund Jøtun |
| Kongsberg Spel- og dansarlag | 9. Anne Svånaug Blengsdalen |
| | 10. Ann-Mari Lofthus |

| | |
|---|---|
| Numedal Spel- og dansarlag | 11. Liv Bergset |
| | 12. Åshild Wetterhus |
| Småjondølenes dansarlag | 13. Tora Rua Dokken |
| | 14. Wenche Rua Næss |
| Ål spel- og dansarlag | 15. Hallgrim Berg |
| | 16. Ingerid Målfrid Elverum |
| Nes Spel- og dansarlag | 17. Sigrunn Bæra Svenkerud |
| **Gudbrandsdal Folkemusikklag** | 18. Bjørn Kåre Odde |
| Gudbrandsdølenes Spelmannslag i Oslo | |
| (er også med i SAFFA) | 19. Reidar Skjelkvåle |
| Mukampen spel- og dansarlag | 20. Ingbjørn Lotsberg |
| | 21. Ole Christian Risdal |
| Vågå Spel- og Dansarlag | 22. Trond-Ole Haug |
| | 23. Heidi Strømstad |
| | 24. Ketil Størseth |
| **Hedmark Folkemusikklag** | |
| Bygdedanslaget i Hamar | 25. Elin Bjørnsmoen |
| #Hedmark | 26. Solveig Brekke Hauknes |
| Spellmannslaget LEIK | 27. Jarl Eivind Løvik |
| Trysil-Knut Dans- og spelmannslag | 28. Øyvind Kvile |
| Østerdølenes spellmannslag | 29. Vilde Lavoll |
| | 30. Nora Uggerud |
| **Hordaland Folkemusikklag** | 31. Per Øyvind Tveiten |
| Hardanger Spelemannslag | 32. Alexander Aga Røynstrand |
| | 33. Magne Velure |
| Osterøy Spel- og dansarlag | 34. Silje Solberg |
| Spelemannslaget Fjellbekken | 35. Arve Berg |
| Voss Spelemannslag | 36. Arne Anderdal |
| | 37. Steinar Rygg |
| **Møre og Romsdal Folkemusikklag** | 38. Hanne Moldver Salthammer |
| Spelemannslaget Dåm og Drag | 39. Britt Elise Skram |
| | 40. Siv-Karin Sæther |
| Ungdomslaget Ivar Aasen | 41. Leikny Aasen |
| **SAFFA** | 42. Bjarne Braastad |
| Bærum Spellemannslag | 43. Hanne Brende |
| | 44. Alise Hjellbrekke |
| Dansarringen i Telelaget | 45. Mattias Thedens |
| Folkedansgruppa i Valdreslaget | |
| (er også med i Valdres Folkemusikklag) | 46. Tobias Svenningsen |
| OsloFolk – Laget for Folkemusikk | 47. Lene Furuli |
| | 48. Åshild Vetrhus |

*Synøve Nordal Nettum:*      *Åsmund Jøtun:*

| | |
|---|---|
| **Sogn og Fjordane Folkemusikklag** | 49. Aud Sissel Orheim |
| Gaular Spelemannslag | 50. Åslaug Timenes Bell |
| Indre Sunnfjord Spelemannslag | 51. Marie Berge |
| Jostedal Spel- og dansarlag | 52. Berit Lad |
| | 53. Arve Bjørn Røneid |
| Nordbygda Spel- og dansarlag | 54. Magni Nordal Strømmen |
| Spelemannslaget Fjelljom | 55. Åsmund Arnesen Farstad |
| | 56. Idar Holen |
| Hornindal Spelemannslag | 57. Gunn Sølvi Gausemel |
| **Telemark Folkemusikklag** | |
| Falkeriset Folkemusikklag | 58. Ingrid Skjøtskift |
| | 59. Johan Vaa |
| Gransherad Spel og dansarlag | 60. Bente A. Tveiten |
| | 61. Kari-Anne E. Westeng |
| Nes Nasjonale Dansarring | 62. Harald Omnes |
| Seljord folkemusikklag | 63. Aud Manheim |
| | 64. Torunn Raftevold Rue |
| Spelemannslaget Bøheringen | 65. Per Anders Buen Garnås |
| Spelemannslaget Vårlengt | 66. Arnhild Brennesvik |
| **Trøndelag Folkemusikklag** | 67. Otto Andreas Brustad |
| Brekken Spell- og danselag | 68. Rolf J. Feragen |
| | 69. Ole Frostvoll |
| Glåmos Spellmannslag | 70. Mari Eggen |
| Oppdal Spell- og dansarlag | 71. Gry Hoel |
| | 72. Nina Hoel |
| Røros Folkedanslag | 73. Wenke Skott Pedersen |
| | 74. Hege Ravdal |
| Trondheim Toradergruppe | 75. Berit Bøysen |
| **Valdres Folkemusikklag** | 76. Bente Hemsing |
| Vårflaumen Spel- og dansarlag | 77. Jonny Rye |
| Øystre Slidre Spel- og dansarlag | 78. Håkon Aasen |
| | 79. Marte Helene Aasen |
| **Fagutval for utøvarar** | 80. Ingebjørg Lognvik Reinholdt |
| **Styret i FolkOrg** | 81. Hilde Reitan |
| | 82. Camilla Granlien |
| | 83. Kristian Hanto |
| | 84. Kjellbjørn Karsrud |
| | 85. Tormod Kleiveland |
| | 86. Thomas Nilssen |
| | 87. Ole Erik Feragen |

**Sak 3 Val av møteleiar og protokollførarar**

Vedtak:

***Møteleiarar:***
*Torunn Raftevold Rue – Seljord folkemusikklag*
*Nils Øyvind Bergset – Bærum Spellemannslag*

***Protokollførarar:***
*Live Visdal*
*Solfrid Nestegard Gjeldokk*

**Sak 4 Val av to til å skrive under protokollen, redaksjonskomité og teljekorps**

Det opphavelege forslaget til redaksjonskomité var:
*Gunnar D. Ose - Setesdal Spelemannslag*
*Mari Eggen - Glåmos Spellmannslag*
*Bente Hemsing - Valdres Folkemusikklag*

Representant for yrkesutøvarutvalet, Ingebjørg L. Reinholdt, la fram følgande forslag:
*Forslag om Lene Furuli til redaksjonskomitéen i tillegg til dei andre foreslegne medlemmane.*

Vedtak:
*Til å skrive under protokollen:*
Synøve Nordahl Nettum - Gjøvik Spelmannslag
Åsmund Jøtun - Gol spel- og dansarlag

*Redaksjonskomité:*
Gunnar D. Ose - Setesdal Spelemannslag
Mari Eggen - Glåmos Spellmannslag
Bente Hemsing - Valdres Folkemusikklag
Lene Furuli – Oslofolk – laget for folkemusikk

*Teljekorps:*
Tora Rua Dokken - Småjondølenes dansarlag
Ketil Størseth - Vågå Spel- og Dansarlag
Silje Solberg - Osterøy Spel- og dansarlag

**Styreleiar Hilde Reitan heldt si tale og gjorde greie for arbeidet i 2021 og 2022**

**Sak 5 Årsmelding 2021 for FolkOrg**

Vedtak:

*Synøve Nordal Nettum:* *Åsmund Jøtun:*

*Landsmøtet tek årsmelding 2021 til orientering.*

## Sak 6 Rekneskap 2021 for FolkOrg

Linda Dyrnes la fram rekneskap 2021

Vedtak:

*Landsmøtet tek rekneskapen for 2021 til orientering.*

## Sak 7 Årsmelding 2022 for FolkOrg

Vedtak:

*Landsmøtet vedtek årsmelding 2022 slik ho ligg føre, med ei korrigering på vinnar i Halling C på Landskappleiken på Tinn - Olav Andreas Stræte Lie, tilleggsinformasjon om finalespel i Hardingfele C, og rettingar i oversiktsskjemaet om Aktivitetsstøtte 2022.*

## Sak 8 Rekneskap 2022 for FolkOrg

Linda Dyrnes la fram rekneskap 2022

Vedtak:

*Rekneskapen for FolkOrg 2022 vert godkjend.*

## Sak 9 Melding frå tilsynsnemnda

Per Øyvind Tveiten la fram meldinga frå tilsynsnemnda

Vedtak:

*Melding frå tilsynsnemnda verte teken til orientering.*

## Innkomne saker:

**Sak 10 Satsing på yrkesutøvarar -** Sak innsendt av Lene Furuli og Åshild Vetrhus

Camilla Granlien la fram sak om satsing på yrkesutøvarar.

Dei utsendte sakspapira hadde følgande framlegg til vedtak:

*A) Styret rår landsmøtet til å avvise framlegg til vedtak frå Lene Furuli og Åshild Vetrhus.*
*B) Styret utarbeider ein instruks for fagutvalet for yrkesutøvarar.*
*C) Administrasjonen og fagutvalet operasjonaliserer måla og dei særskilde satsingane i langtidsplanen, og forankrar dette i styret.*
*D) Styret rapporterer til landsmøtet på det arbeidet som ein del av årsmeldingane.*

På landsmøtet la styret i FolkOrg dette reviderte framlegget:

*A) Styret utarbeider ein instruks for fagutvalet for yrkesutøvarar i samråd med utvalet*

*b) Administrasjonen og fagutvalet lagar ein plan for gjennomføring av måla og dei særskilde satsingane for yrkesutøvarane*
*c) Styret rapporterer til landsmøtet om resultatet av a) og b) på vanleg måte som ein del av årsmeldingane*

Redaksjonskomiteen vart så beden om å utarbeide eit nytt, felles forslag til vedtak basert på det innsendte forslaget frå Lene Furuli og Åshild Vetrhus og styret sitt framlegg til vedtak.
Redaksjonskomiteen fremma følgande forslag til vedtak:

*For å styrke arbeidet for yrkesutøvarane skal styret, i samråd med utvalet for yrkesutøvarane, utarbeide mandat for utvalet, lage ein plan for gjennomføring av mål og dei særskilde satsingane og prioritere administrative ressursar til utvalet sitt arbeid. Styret rapporterer til Landsmøtet på dette arbeidet som ein del årsmeldingane.*

**Avstemming:**
Det vart stemt over redaksjonskomiteen sitt framlegg.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

<u>Vedtak:</u>
*For å styrke arbeidet for yrkesutøvarane skal styret, i samråd med utvalet for yrkesutøvarane, utarbeide mandat for utvalet, lage ein plan for gjennomføring av mål og dei særskilde satsingane og prioritere administrative ressursar til utvalet sitt arbeid. Styret rapporterer til Landsmøtet på dette arbeidet som ein del årsmeldingane.*

**Sak 11 Oppdeling av C-klassane -** Sak innsendt av Fossegrimen Folkemusikklag
Thomas Nilssen la fram sak om oppdeling av C-klassa.

Dei utsendte sakspapira hadde følgande framlegg til vedtak:

*Styret i FolkOrg rår landsmøtet ifrå å vedta framlegga som er sende inn.*

På landsmøtet la styret i FolkOrg fram dette reviderte framlegget til vedtak:

*Landsmøtet vedtar ikkje dei innsendte framlegga.*

**Avstemming:**
Det reviderte framlegget vart vedteke mot ei stemme.

<u>Vedtak:</u>
*Landsmøtet vedtar ikkje dei innsendte framlegga.*

**Sak 12 Utviding av ungdomsomgrepet på medlemsskap**
Sak innsendt av Flatlusa spelemannslag
Ole Erik Feragen la fram sak om utviding av ungdomsomgrepet på medlemskap i FolkOrg.

Framlegg frå styret:

**Det blir innført ein ny medlemskontingent for ungdom mellom 18 – 26**, og ein auka kontingent for vaksne, der kontingenten i begge høva er gjeldande frå 2024.

Satsane blir dermed slik f.o.m. 2024:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| - | Barn | | kr. 100,- | |
| - | Ungdom | *(18 – t.o.m. 26 år)* | kr. 200,- | |
| - | Vaksne | | kr. 370,- | *(auka frå kr. 320,-)* |

*Dette medfører ei endring av landsmøtevedtaket frå 2021.*

Nestleiar i FolkOrg, Kristian Hanto, la fram følgande endra framlegg til vedtak frå styret, der behandling av sjølve kontingentsatsane blei utsett til sak 17:
*Det blir innført ein ny medlemskontingent for ungdom f.o.m. 19 t.o.m. 26 år.*

**Avstemming:**
Framlegget vart vedteke mot ei stemme.

Vedtak:

*Det blir innført ein ny medlemskontingent for ungdom f.o.m. 19 t.o.m. 26 år.*

**Sak 13 Leigesum for Landskappleiken -** Sak innsendt av Anders Lunden Herfoss
Tormod Kleiveland la fram sak om leigesum på Landskappleiken.

Styret sitt opphavelege framlegg til vedtak var:

*Det blir ikkje gjort endringar i dagens leigeavtale for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.*

Øyvind Kvile, Trysil-Knut Dans og Spelmannslag, hadde følgande framlegg til vedtak:

*Frå og med 2026 skal arrangørlag for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk ikkje lenger betale leigesum/avgift til FolkOrg for disse arrangementa.*

Lene Furuli, Oslofolk – laget for folkemusikk, hadde følgande framlegg til vedtak:

*Forslag om utsetjing: Saken sendast tilbake til styret som legg fram sak på Landsmøtet 2025.*

**Avstemming:**
Det vart fyrst gjennomført to prøveavstemmingar for å teste salen, og det vart stemt over framlegget frå Lene Furuli og framlegget frå styret i FolkOrg.

Ettersom Lene Furuli sitt framlegg var eit forslag om utsetjing av saka, vart dette stemt over fyrst. Framlegget vart vedteke med 43 stemmer for.

Vedtak:
*Saken sendast tilbake til styret som legg fram revidert sak på Landsmøtet 2025.*

**Saker styret vil fremme**

**Sak 14 Vedtekter: klargjering av kven som gjer tilsettingar i administrasjonen**
Kjellbjørn Karsrud la fram sak om vedtekter

Vedtak:

Landsmøtet vedtek framlegg til endringar i §§ 12 og 13 i FolkOrgs vedtekter, og paragrafane vil no vere slik:

**§12 Styret sine oppgåver**
Styret skal

- drive laget i samsvar med vedtekter, føremål og landsmøtevedtak
- førebu saker til landsmøtet
- godkjenne medlemskap og vedtekter for lokallag, faglag og områdelag
- tilsetje dagleg leiar og utarbeide instruks for stillinga.
- ta endelege avgjersler i alle saker som, i følgje vedtektene, ikkje er lagde til landsmøtet
- godkjenne rekneskapen og årsrapport det året det ikkje er landsmøte.

**§13 Dagleg leiar**

- Dagleg leiar er sekretær for styret og arbeidsutvalet og førebur sakene i samråd med styreleiaren.
- Dagleg leiar har ansvar for å tilsette andre i administrasjonen innanfor rammer sett av styret.

**Avstemming:**
Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Sak 15 Nye retningsliner for eit trygt sosialt miljø og nye rutinar ved varsling om seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk**
Tormod Kleiveland la fram sak om nye retningsliner

Framlegg til vedtak:
*Landsmøtet i FolkOrg vedtek FolkOrgs retningsliner for eit trygt sosialt miljø og rutinar ved varsling om seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk.*

**Avstemming:**
Framlegget vart samrøystes vedteke, med følgande tillegg frå styret i FolkOrg:
*Styret har fullmakt til å gjere endringar i retningslinene og rutinane.*

Vedtak:

*Landsmøtet i FolkOrg vedtek FolkOrgs retningsliner for eit trygt sosialt miljø og rutinar ved varsling om seksuell trakassering, diskriminering og maktmisbruk.*
*Styret har fullmakt til å gjere endringar i retningslinene og rutinane.*

## Sak 16 Langtidsplan for FolkOrg, med særskilde satsingar for perioden

Kristian Hanto la fram sak om Langtidsplan

Representant for yrkesutøvarutvalet, Ingebjørg L. Reinholdt, la fram følgande innspel til endringar i tabellen for Særskilde satsingar:

- *Kolonne for utøvarar og arrangørar,* ***opphaveleg formulering****:*
  *1 - Halde portalen folkartist.no aktuell og oppdatert for å bidra til at folkemusikarar, folkedansarar og instruktørar får fleire jobbar*
  *2 - Arbeide for ei meir rettvis TONOordning for folkemusikksjangeren og jobbe for alternative godtgjersleordningar til utøvarar av tradisjonsmusikk.*
  *3- Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar.*
  *4 – Skape faste møteplassar for utøvarane*

- *Kolonne for utøvarar og arrangørar,* ***forslag til endringar****:*
  *1 – Skape faste møteplassar for utøvarane*
  *2 – Marknadsføre portalen folkartist.no, halde han aktuell og oppdatert, og evaluere ordninga etter 2025.*
  *3 - Arbeide for ei meir rettvis TONOordning for folkemusikksjangeren og jobbe for alternative godtgjersleordningar til utøvarar av tradisjonsmusikk.*
  *4 - Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar.*
  *5 – Arbeide for saker som er viktige for yrkesutøvarane og samarbeide med andre aktørar der det er naturleg.*

Åshild Vetrhus, Oslofolk – Laget for folkemusikk, kom med følgande forslag:

*La punktet «Stø opp om arbeidet om å få på plass digitale publiseringsverktøy for arkiva» framleis få stå, då denne prosessen enno ikkje er komen ordentleg i gong.*

Styret trekte framlegget sitt på dette punktet, og stødde framlegget frå Vetrhus.

### Avstemming:

Framlegga frå styret og Vetrhus blei samrøystes vedtekne.

Vedtak:

*Landsmøtet vedtek langtidsplan for FolkOrg med særskilde satsingar for perioden slik han ligg føre, med dei endringsvedtaka som blei gjort.*

## Sak 17 Fastsetjing av medlemspengar

Kjellbjørn Karsrud la fram sak om medlemspengar

Framlegg til vedtak:

a) *Medlemspengar for 2024 vert sette til kr 370 for vaksne, kr. 200 for ungdom (19-26 år) og kr 100 for born(0-18 år).*
b) *Medlemspengar for 2025 vert sette til kr 370 for vaksne, kr. 200 for ungdom (19-26 år) og kr 100 for born(0-18 år).*
c) *Medlemspengar for 2026 vert sette til kr 400 for vaksne, kr. 200 for ungdom (19-26 år) og kr 100 for born(0-18 år).*
d) *Medlemspengar for 2027 vert sette til kr 400 for vaksne, kr. 200 for ungdom (19-26 år) og kr 100 for born(0-18 år).*
e) *Medlemspengar for 2028 vert sette til kr 400 for vaksne, kr. 200 for ungdom (19-26 år) og kr 100 for born(0-18 år).*

Vedtak:
*Landsmøtet vedtek medlemspengane 2024 – 2028 slik dei ligg føre*

**Sak 18 Revidert budsjett 2023**
Hilde Reitan la fram sak om revidert budsjett

Vedtak:
*Landsmøtet vedtek revidert budsjett 2023 slik det ligg føre.*

**Sak 19 Budsjett 2024**
Hilde Reitan la fram sak om revidert budsjett

Vedtak:
*Landsmøtet vedtek budsjett 2024 slik det ligg føre.*

**Sak 20 Budsjett 2025**
Hilde Reitan la fram sak om revidert budsjett

Åshild Vetrhus, Oslofolk – Laget for folkemusikk, kom med følgande innspel:

*Med bakgrunn i saka om Satsing på yrkesutøvarar er det for lite med dei tre oppsette møtedagane til fagutvalet for yrkesutøvarar.*

Vedtak:
*Landsmøtet vedtek budsjett 2025 slik det ligg føre, og innspelet om møtedagar til fagutvalet for yrkesutøvarar vert teke med.*

**Sak 21 Oppnemning av revisor**
Møteleiar la fram sak om oppnemning av revisor

Vedtak:

*BDO AS blir oppnemnd som revisor for FolkOrg i 2023 og 2024.*

**Sak 22 Val**
Møteleiar Nils Øyvind Bergset presenterte valnemndas framlegg og styrets innstilling til ny valnemnd.

*Innstilling frå valnemnda:*

| | | |
|---|---|---|
| **Styret 2023–2025:** | | |
| **Leiar:** | | |
| Hilde Reitan, Vågå | 2 år | Attval |
| **Nestleiarar:** | | |
| Camilla Granlien, Lillehammer | 2 år | Attval (repr. yrkesutøvarar) |
| Kristian Ihle Hanto, Lunde i Telemark | 2 år | Attval |
| **Styremedlemmer:** | | |
| Lene Furuli, Oslo | 2 år | Ny |
| Thomas Nilssen, Løten | 2 år | Attval |
| Torfinn Hofstad, Verdal | 2 år | Attval (repr. yrkesutøvarar) |
| Tormod Kleiveland, Valestrandsfossen | 2 år | Attval |
| **Varamedlemmer til styret:** | | |
| Anders Lunden Herfoss, ÅL | 2 år | 1. vara (ny) |
| Helene Høye, Nesoddtangen | 2 år | 2. vara (attval) |
| Gro Skanke Raatama, Porsanger | 2 år | 3. vara (attval) |
| **Fagutval for yrkesutøvarar 2023–2025:** | | |
| Mattias Thedens, Oslo | 2 år | Ny |
| Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Oslo | 2 år | Attval |
| Jon Bugge Mariussen, Oslo | 2 år | Attval |
| **Tilsynsnemnd 2023–2025:** | | |
| Torunn Raftevold Rue, Seljord | 2 år | Ny |
| Per Øyvind Tveiten, Tørvikbygd | 2 år | Attval |
| Karolina Westling, Stokke | 2 år | Attval |

*Innstilling frå styret til ny valnemnd:*

| | | |
|---|---|---|
| Nina Fjeldet, Målselv | 2 år | Ny |
| Solveig Brekke Hauknes, Vågå | 2 år | Ny |
| Per Anders Buen Garnås, Bø i Telemark | 2 år | Attval |

Vedtak:
*Alle vald med akklamasjon*

Protokollen er godkjend:

________________________ ________________________

Synøve Nordal Nettum Åsmund Jøtun